

Stord 1 - eit staseleg syn

28.06.2009



Stord 1 gjekk gjennom Storsundet med Rosendal som mål søndag føremiddag og var eit staseleg syn. Båten kalte fram nostalgiske kjenslar hos nokon kvar. I perioder var båten ofte å sjå her i dalen i si glanstid, men no er det lenge mellom kvar gong. På biletet over passerer han Ljosnes.



[Då Stord I hadde passert Uskedalen søndag tok Harald Sætre dette biletet - frå båten.](#)

Harald Sætre frå Uskedalen fortel at båten mellom anna var innom her frå 1913 til 1930 og som reservebåt frå 1959 til 1969, då han vart seld.

Frå 1931 til 1947 gjekk båten fast kvar dag mellom Bergen og Sunnhordland men då var han ikkje innom Uskedalen. I perioden 1949-1959 gjekk han fast i Oddaruta men då var han heller ikkje innom her. Berre Rosendal var då fast anløpsstad i vår kommune.

Men tidleg i mai 1987 hadde båten eit anløp ved Sandakaien som vi tidlegare har skreve om og som var heilt spesielt. Få dagar før den tragiske brannen i Langenuen var Stord I innom Uskedalen - og kom seg nesten ikkje laus frå mudderet! Hurtigbåten i Herøysundruta måtta til for å få han på djupt vatn att.

Veteranskiplaget Fjordabåten kjøpte Stord 1 i 1981. I 2006 vart båten ført over til ei eiga stifting og Sætre er her mellom anna leiar av den antikvariske gruppa.

Av Ola Matti Mathisen



Eit staseleg syn! (Foto:Magne Grindheim)